

92 prosent av søkerane får skuleplass

Ved prøveinntaket til vidaregåande skule i mai var det 6329 søkjarar. 5826 av dei har fått tilbod om skuleplass. 90 prosent får innfridd førsteønsket sitt både ved skule og utdanningsprogram. Det er på same nivå som i fjor. Til Vg1 er det i år 2559 søkjarar, der 2 489 fått skuleplass, noko som tilsvarer 97 prosent av søkerane. Det har vore

størst konkurranse om studieplassene Vg1 Medier og kommunikasjon, Vg1 Elektrofag, Vg1 TAF, Vg1 Teknikk og industriell produksjon, Vg1 Idrettsfag, Vg2 Ambulansefag, Vg2 IKT- Servicefag, Vg2 Transport og logistikk. Alle som har rett på skuleplass får tilbod i løpet av sommaren. Neste inntak er 7. juli. Siste inntak er 4. august.

Miljø på planen

Måndag er det igjen møte i Midt-Telemark Seniorlæring. Denne gong er førstelektor ved Høgskolen i Telemark, Arne Myhre, foredragshaldar. Han vil snakke om Dei siste resultatane frå FN's klimapanel. Han jobbar med matematikk for økologar, energi og miljø og har gitt ut boka : Klima, miljø , energi.»

på samanslåing



Går fort. Ordførar Olav Kasland seier regjeringa legg opp til at kommunereforma skal gå fort.

– Gode gulrøter

Ordførar Olav Kasland tykkjer meldinga frå regjeringa legg eit veldig sterkt press på at noko skal skje. Han meiner også at det blir lokka med gode økonomiske gulrøter.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Rett før helga kom regjeringa med kommuneproposisjonen der den skisserer dei økonomiske rammene for kommunane neste år. I proposisjonen var det òg ei melding om kommunereforma, som arbeidet med å slå saman kommunar blir kalla. Kasland meiner trykket i saka er høgare enn ein trudde på førehand.

Korte fristar

– Det er mykje som skal skje alt innan 2016 og planen er detaljert. Staten legg til rette for utredningar og lagar fleire malar for arbeidet enn det som var venta. Det blir peika på kva som skal gjerast frå sentralt hald, påpeikar Kasland

Han viser til at regjeringa lokkar med at ein skal få behalde tilskot og få eingongstilskot avhengig av kor mange kommunar som slår seg saman. Kasland meiner at dei økonomiske vilkåra som blir skisserte er gode.

Det blir lagt opp til kommunale vedtak om samanslåing alt i

2016 og våren 2017 kjem regjeringa tilbake med ei stortingsmelding. Det blir antydning at ein ved valet i 2019 skal velje kommunestyrerepresentantar til dei nye kommunane.

– Det går utruleg fort, konstaterer Kasland.

– Stemmer dette vil 2015 kunne vere det siste året det er kommuneval berre for Bø, påpeikar han.

Kasland meiner meldinga legg eit veldig press på at noko skal skje. Han viser til at det blir opna for tvang dersom kommunar som naturleg høyrer saman med andre som vil slå seg saman, seier nei.

Jobbar med Lifjell rundt

I Bø skal ein vere ferdig med kartlegginga av ei mogleg samanslåing av dei sju kommunane Lifjell rundt pluss Nome til jul. Kasland seier ein startar med å sjå vidt, så kan ein eventuelt snevre inn seinare. Gjennom den utgreiinga meiner Kasland ein også vil få ein del svar på kva det betyr for den enkelte kommune og informasjon som kan brukast til å vurdere ei eventuell samanslåing i Midt-Telemark.

– Det viktigaste i meldinga er at toget går no, det er tydelegvis no ein må vere med, seier Kasland.

kraft 1. januar 2020, men håpar at kommunevalet i 2019 skal bli eit val for dei nye kommunestyra i dei nye kommunane.

Meir robuste og meir sjølvstyre Sanner meiner at reforma vil gje større kommunar som kan få fleire oppgåver og meir sjølvstyre.

– Kommunereforma er ei vel-

ferdsreform. Målet med den er å sikre gode velferdstenester til oss alle. Det handlar om kva som skal til for å ta vare på dei innbyggjarane som treng det aller mest. Regjeringa ønskjer sterke og robuste kommunar, som kan få fleire oppgåver og meir ansvar. Dei fleste tenester blir best løyst

nærmast innbyggjarane, i lokalsamfunna, seier Sanner.

Kva for nye oppgåver dei nye kommunene skal få, vil regjeringa leggje fram våren 2015.